



Pedagogisk plattform Frøyland ungdomsskule

Visjon oppvekst Time kommune:

**Gje barn og unge ein trygg og god oppvekst
som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det.**

Kvalitetar og verdiar me ønskjer å sjå hos elevane:

- FAGLEG KUNNSKAP – arbeider hardt og målretta
- MENNESKEVERD – forstå at alle har rett til å vere den dei er
- RESPEKT – for menneske og miljø
- ENDRINGSKOMPETANSE – førebudd til å møte eit samfunn i stadig endring
- SJØLVTILLIT – ser seg sjølv i heilskapen
- KREATIV – ser løysingar

Læraren

- er bevisst på at elevane kan ulike læringsstrategiar, og at dei er i stand til å velja strategiar dei trivst med
- har oppgåver og undervisning som er tilpassa eleven, samstundes som det er rom for felles innlæring og felles opplevingar
- er ein relasjonsbyggjar
- skaper eit trygt og inkluderande læringsmiljø rundt seg
- er trygg i faget han underviser i, og har klare fag- og læringsmål
- arbeider systematisk med Olweus-programmet
- samarbeider godt med heimen
- er ein tydeleg leiar

Kollegiet

- er rause med kvarandre og gir rom for forskjellige innfallsvinklar
- har eit godt og utviklande arbeidsmiljø
- vil læra av kvarandre og er nyfikne på andre sitt arbeid med elevane
- spreier ros, inspirerer og motiverer kvarandre i kvardagen
- har utarbeidd felles reglar, og følgjer desse
- arbeider kontinuerleg med skulen sin pedagogiske plattform

